

# Rapportering av Stord Friluftsfestival

Saksnummer: 2015/74-164

Ressursnummer: 400015

Beløp: 30.000,-

Rapportering Rapport og rekneskap sendast til Hordaland fylkeskommune, Kultur og idrettsavdelinga ved prosjektslutt innan 15. desember 2015. Rapporten skal minst innehalde desse punkta: • Skildre gjennomførte tiltak og i kva grad målsettinga vart nådd. • Peike på eventuelle avvik og grunngje desse. • Informere om eventuell vidareføring

Gjennomførte tiltak:

Målsetninga var å Tanken er at folk skal få augene opp for moglegheitane på Stord når det gjeld friluftsliv, og at fleire blir meir aktive. Tiltaket set fokus på moglegheitene til deltaking i friluftsliv på Stord. Fokus på Friluftslivets år 2015. Breitt samarbeid med mange aktørar, fokus på lite ressurskrevjande aktivitetar som er tilgjengeleg for ulike brukargrupper. Tiltaket kan auke bruken over tid.

Me vurderer målsetninga som nådd. Me finn ingen avvik. Det kom over 500 små og store på friluftsfestivalen vår, (sjå vedlegg og avisartiklar i slutten av rapporten). Me ser at bruken av naturen allereie har auka, og den kjem nok til å auka enda meir framover, både når det gjeld organiserte og uorganiserte aktivitetar. Ein les om aktive folk i avisene og møter stadig fleire folk når ein er på tur, både til lands og på Storavatnet. Det er allereie no snakk om å planleggja ein ny friluftsfestival på Stord.

- Liv og Lyst og Bydelsbloggen har planlagt og gjennomført Stord Friluftsfestival i samarbeid med [Stord Jeger og fiskerforening](#)
  - [Norges Jeger og fiskerforbund Hordaland](#)
  - [Sunnhordland padleklubb](#)
  - [GeoBergen](#) og [Geocaching Haugalandet](#)
  - [Stord Orientering](#)
  - [Stord Hesteskoklubb](#)
  - [Sunnhordland Padleklubb](#)
  - [Podlen verkstad](#)
  - [Friluftsrådet Vest](#)
  - [LivOGlyst](#)
  - [Bydelsbloggen](#)
  - [Litlabø og Sagvåg Samfunnshus](#)
  - [Røde Kors](#)
  - [Stord petanqueklubb](#)
  - [Redningsselskapet](#)  
[stordjegerogfisk.no](#)  
[StordPetanque-](#)

Under kan de lesa kva ei av avisene skreiv om festivalen

Mvh Lena Bosvik Ask, på vegne av Bydelsfestivalen og Stord Friluftsfestival.

## Friluftsfestival med mange gøyale val



Etter at leiaren i Stord jeger og fiskerforrening , Karina Stokke Mæhle hadde ønskt vel møtt, var det Vilvettene Friluftsbarnhage som stod for den høgtidlegare opninga av festivalen med song og snorklypp, utført av Øyvind H. Alfredsen.

Det er gode grunnar til å tru at grøntområdet langs Storavatnet, grus- og grasbanen på Vaskeriplanet, dei nære skogsområda og gruvemuseet fekk nye vener søndag. For sjølv om Stord kommune har mange flotte område for friluftsliv, skal det meir enn godt gjerast å finna eit areal kor ein kan kombinera ein bråte aktivitetar for små og store på sjø og land. Det gjekk strålende fint då 13 lag og organisasjonar baud inn til den baud på første Friluftsfestivalen. Godt då at folk kjende si besøkstid.



Podlen Verkstad baud på friluftskaffi kokt på friluftsvi.

– For å ha eit tal å visa til delte me ut ein buff (skjal/hue) til alle, og det var berre nokre få att av dei dei 600 buffane me hadde i eska dør festivalen var slutt etter fire timar. Dermed vart det eit opp- og frammøte me er kjempenøgde med. Og kanskje det viktigaste, når dagen skal evaluerast, blir å notera seg at deltakarane sa seg godt tilfredse med tilboda, seier Else Berit Helle i LivOglyst-komiteen for Sagvåg/Litlabø.



Populært med kanotur på vatnet, og trening med sluk-kasting i stranda.

Friluftsfestivalen hadde mange gøyale val for publikum: – Øving på sluk-kast og luftgeværskyting, kanotur på vatnet, grillpølser, skogskaffi, saft og betasuppe (alt gratis), geologi, orientering, ein prat med Røde Kors eller Redningsselskapet, petanque og hesteskogolf eller tur i hestevogn med tospann framføre.



Friluftsfestivalen ved Storavatnet trekte godt med folk

I folkemengda som heldt seg langs Storavatnet, vart det spurt etter namnet på dei fint stelte grøne bakkane, som no har fått eiga palmestrand ned mot vatnet.

– Fram til det var lagt mold på og planta gras, var dette ein slagghaug, Då det vart grønt, fekk det på folkemunne tilnamnet Grøntområdet. I komiteen drøfta me om det kanskje er på tide med ein lokal namnekonkurransse, det får me sjå litt på, seier Helle til stordnytt.no

Les heile saka og sjå fleire bilete på [stordnytt.no](http://stordnytt.no)